

Planprogram - Raffelneset næringspark

Detaljregulering

PlanID: 20240002

Innhold

1. Bakgrunn	2
1.1. Tiltakshavar og konsulent	2
1.2. Hensikten med planarbeidet	2
1.3. Krav om konsekvensutgreiing	2
1.4. Planprogrammet	3
2. Skildring av tiltaksområdet	4
2.1. Plassering	4
2.2. Avgrensing av planområdet	4
2.3. Planen	6
2.4. Alternativ	8
3. Gjeldande planer, retningslinjer og føringar	9
3.1. FN's berekraftsmål	9
3.2. Statlege retningslinjer	9
3.3. Regionale føringar	10
3.4. Kommunale planer	11
3.5. Gjeldande reguleringsplanar	12
3.6. Tidlegare vedtak i saken	13
4. Oversikt over tema som skal konsekvensutgreiast	14
4.1. Konsekvensutgreiing	14
4.2. Risiko- og sårbarheitsanalyse	15
5. Planprosess, medverknad og framdrift	17
5.1. Informasjon og medverknad	17
5.2. Framdriftsplan	18

1. Bakgrunn

1.1. Tiltakshavar og konsulent

Hareid kommune ved sektor for samfunnsutvikling er tiltakshavar. Kontaktperson er kommunalsjef Kai-Rune Bjørke.

Asplan Viak er engasjert som fagkyndig plankonsulent. Kontaktperson er arealplanleggar Anna Hellstrøm.

1.2. Hensikten med planarbeidet

Reguleringsplanen skal oppdatere planen for næringsområdet på Raffelneset, og samtidig legge til rette for etablering av reinseanlegg som skal oppfylle kravet om sekundærreinsing. Det skal også bli regulert djupvasskai og samanhengande gang- og sykkelveg til sentrum.

1.3. Krav om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiing fastsett kva tiltak som utløyser konsekvensutgreiing. Formålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt med under førebuinga av planer og tiltak, og når det tas stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak kan gjennomførast.

Tiltaket kjem inn under §6, Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram, i høve med vedlegg I punkt 8 b; Nyetableringar av farleier, hamner og hamneanlegg, der skip på over 1350 tonn kan segle og anløpe.

Konsekvensutgreiinga sitt innhald og omfang skal tilpassast den aktuelle planen og være relevant for dei slutningane som skal tas. Sjølve konsekvensutgreiinga blir stilt ferdig og presentert saman med det endelege reguleringsplanforslaget. Planmynde i kommunen er ansvarleg mynde. Forutsetninga når tiltaket vurderast opp mot krav i forskrift om konsekvensutredning, er at det skal byggas eit nytt reinseanlegg og djupvasskai.

Tiltaket er ikkje konsekvensutgreidd i tidlegare planer.

1.4. Planprogrammet

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal det i høve med Plan- og bygningslova §4-1 utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Den viktigaste funksjonen til eit planprogram er å avklare kva tema som skal utgreiast, og korleis utgreiinga skal gjennomførast. Dette planprogrammet utgjer dermed første steg i arbeidet med detaljreguleringsplan og konsekvensutgreiing. Planprogrammet skal skildre formålet med planarbeidet, og avklare rammar og premisser for den vidare prosessen. Planprogrammet viser forslag til kva tema som skal konsekvensutgreiast.


Vidare skal planprogrammet gi informasjon om medverknad og høve til å komme med innspel til planarbeidet.

Planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn og høyring saman med varsel om oppstart av planarbeidet. Innspel til planprogrammet må behandlast før kommunen fastsett planprogrammet i eige vedtak. Deretter blir planforslaget utarbeida.

2. Skildring av tiltaksområdet

2.1. Plassering

Planområdet ligg på Raffelneset i Hareid kommune, som er eit større nærings- og industriområde om lag ein kilometer aust for Hareid sentrum.




Figur 1 Oversiktskart


2.2. Avgrensing av planområdet

Plangrensa er sett for å kunne få ein god samanheng med tilgrensande planer med samanhengande kaiareal vestover, i tillegg til å få regulert gang- og sykkelveg mot sentrum. Plangrensa inneheld ein større del av Raffelneset næringsområde, inkludert sjøareala, og areal langs fylkesvegen.


Tilkomst til området er via fylkesveg 5886 Strandgata/Hjørungavågvegen, vidare via kommunalveg 2144 Raffelneset.



Figur 2 Plangrense til varsel om oppstart



Figur 3 Utsnitt av plangrensa til oppstart, plassering av reinseanlegg vist med pil på eiendom gbnr. 41/1104 og 41/1287.



Figur 4 Utsnitt av planområde vist med flyfoto.

2.3. Planen

Til det nye reinseanlegget skal det føres spillvassleidningar, og utsleppsleidninga med reinsa vatn føres til landtakssone med utslepp i sjø. Det er planlagt å bruke eksisterande kommunal veg for køyring fram til reinseanlegget.

Følgande bygningar og anlegg planleggast for:

- Reinseanlegg på ca. 900 m² (ca. 60 x 15 meter)
- Parkering, snu- og manøvreringsareal for drift til reinseanlegget (ca. 4500 m²)
- Djupvasskai med tilhøyrande kaiareal på land. Mottak av mellom anna cruisebåtar og fiskebåtar.
- Trafikkareal for kai og handtering av cruiseturistar
- ISPS sikring av kaianlegget
- Mottaksbygg for cruiseturistar
- Ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg og fram til kaiområde

Elles vil eksisterande veg vidareførast i ny plan, samt vidareføring av næringsområde innanfor ny kai.



Figur 5 Volumskisse av nytt reinseanlegg, vist med eksisterende terreng.



Figur 6 Volumskisse av nytt reinseanlegg, vist med eksisterende terreng.

2.4. Alternativ

2.4.1. Null-alternativet

I samhøve med forskrift om konsekvensutgreiing skal det gjerast greie for verknadene av å ikkje realisere planen, dvs. vidareføring av dagens situasjon med forventa utvikling. Null-alternativet i dette tilfellet er vurdert til å vere eit utvikla nærings- og industriområde i tråd med gjeldande kommuneplan sin arealdel. Gjeldande reguleringsplan er frå 1986, mens mykje av utfyllinga har skjedd i tidsrommet 2005-2015. Større delar av område er allereie fylt ut, samt at veganlegg er bygd i tråd med gjeldande reguleringsplan. Gjeldande kommuneplan og kommuneplanen under arbeid viser vidareføring av området som næring, og det er ei naturleg utviding av nærings- og industriområde på Raffelneset, som i stor grad er bygd ut i vest.

Alternativet blir omtala som null-alternativet (alternativ 0).

2.4.2. Alternativ 1 Raffelneset næringspark og reinseanlegg

Etablering av næringspark og reinseanlegg med nødvendig driftsareal. Den mest vesentlege forskjellen frå alternativ 2 er mengde utfylling i sjø, og overgangen mellom land og sjøareal. Dette alternativet blir omtala som alternativ 1.

2.4.3. Alternativ 2 Raffelneset næringspark, reinseanlegg og djupvasskai

Vurdering av eigna lokalisering er gjort i forkant av planprosessen i eige notat og vedtak som omtalt i kap. 1.2. Tiltaket som omtalt i kap. 2.3, vil dermed utgreiast som alternativ 2.

3. Gjeldande planer, retningsliner og føringar

3.1. FN's berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verda felles arbeidsplan for å imøtekomme dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekkja sine behov. Dei består av 17 mål og 169 delmål. Måla har stor innverknad på norsk politikk på alle forvaltningsnivå. Berekraftig utvikling består av tre dimensjonar: Økonomi, miljø og sosiale forhold.



Figur 7 FNs berekraftsmål

3.2. Statlege retningsliner

Statlege planretningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)

Målet med retningslinjene er bl.a. at arealbruk og transportsystem skal bli utvikla slik at dei fremmer samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessig gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bymiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggest til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga.

Andre relevante retningsliner er:

- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)

- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T1520-2012)
- Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995)
- Rikspolitisk retningslinje for universell utforming (2008)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)

Vassdirektivet

Det overordna målet med EUs vassdirektiv er å fastsette ei ramme for beskyttelse av vassdrag og sjøar, brakkvatn, kystvatn og grunnvatn. For å følgje opp direktivet vedtok Noreg i 2007 vassforskrifta.

Avløpsdirektivet

Avløpsregelverket tar seg av krava i EUs avløpsdirektiv (1991/271/EØF og 1998/15/EØF) om reinsing av avløpsvatn frå tettstader, og er beskrive i kapittel 13 og 14 i forureiningsforskrifta. Kommande avløpsdirektiv frå EU er forventa å føre til krav om sekundærreinsing, som også krev meir areal. Det skal derfor bli regulert nok areal til utbygging av eit reinseanlegg med sekundærreinsing som skal ivareta EU sitt hovudkrav at det skal være sekundærreinsing på kommunalt avløpsvatn frå tettstader med ei samla maks belastning på over 10 000 PE i sjø per veke.

3.3. Regionale føringar

Regionale myndigheiter har ansvar for den regionale utviklinga og arealforvaltninga på tvers av kommunegrensene. Regionale planer er retningsgivande for den kommunale planlegginga og grunnlag for å vurdere motsegn. Gjeldande planstrategi for Møre og Romsdal blei vedteken i 10.06.2024. Planstrategien er bygd opp rundt FN sine berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane, som har gitt føringane for dei fire langsiktige utviklingsmåla som er sett for Møre og Romsdal:

1. Samarbeidsfylket – Møre og Romsdal skal vere god på regionbygging og samarbeid
2. Miljøfylket – Møre og Romsdal skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane

3. Inkluderings- og kompetansefylke - Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu
4. Verdiskapingsfylke - Møre og Romsdal skal ha eit konkurransedyktig næringsliv og ein innovativ offentlig sektor


Andre regionale planer som legg føringar for planen er:

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023 - 2026
- Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026
- Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024
- Regional plan for vassforvaltning 2022 - 2027

3.4. Kommunale planer

Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel 2012-2024 gjeld for området. Området er sett av til næring med faresone flaumfare, og detaljreguleringszone for at reguleringsplan skal fortsett gjelde.



Figur 8 Gjeldande kommuneplan for Hareid frå 2012. Vist med eigedomsgrenser med raud tynn linje. Kilde: kommunekart.com

Hareid kommune har kommuneplan som er under arbeid, som fører vidare områda som næringsareal. Planen var til offentleg ettersyn i 2020. Kommunen har også ei kystsoneplan under arbeid som har sett av meir areal i sjø austover til næringsareal. Denne planen var til 2. gangs offentleg ettersyn i 2023. Det kom motsegn til meir næringsareal utan at behovet er vurdert for heile kommunen.

Kommunedelplan vatn og avløp (under arbeid)

Kommunedelplanen har vært på høyring og offentleg ettersyn i 2024. Dagens situasjon for Hareid kommune er skildra i planen. Det er ingen reinseanlegg i kommunen i dag og det er mange private avløpsanlegg. Kommunen er delt opp i tre avløpsdistrikt; Hareid, Brandal og Hjørungavåg. Sulafjorden er resipient for alle distrikta. Det er sett tre tiltak for handtering av avløp:

- Separere fellesleidingar
- Etablere reinseanlegg for dei 3 kommunale avløpsdistrikta
- Auke tilknyttinga til kommunal avløpsanlegg

Kommunedelplanen peiker på at ein må legge til rette for framtida ved å regulere nok areal i reguleringsplan til utbygging av eit reinseanlegg med sekundærreinsing.

Strategisk hamneplan

Hareid kommune arbeider for ei langsiktig strategisk utvikling av hamna, og vedtok i september 2023 ei strategisk hamneplan. Planen har sett mål og strategiar for korleis ein kan vidareutvikle hamneanlegga. Det er eit mål i hamneplanen om å leggje til rette for anløp av cruisebåtar i Hareid sentrum.


Kystsoneplan (under arbeid)

Kystsoneplanen har vært på andre gongs høyring i 2023. Planen er interkommunal for Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven. Planen har satt av vidare utviding av næringsområde i aust. Kystsoneplanen er ikkje vedtatt og det er kommet motsegn til utviding austover.

3.5. Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet er regulert gjennom reguleringsplan for Raffelneset industriområde, vedtatt 22.05.1986. Området er regulert til industri med tilhøyrande tilkomstveg.

Reguleringsplanane for Raffelneset og Mylna nærings- og industriområde vestover blei vedtatt i 2018, 2011 og 2010.



Figur 9 Gjeldande reguleringsplanar. Vist med eigedomsgrenser med raud tynn linje. Kilde: kommunekart.com

3.6. Tidlegare vedtak i saken

I forkant av planarbeidet har Asplan Viak utarbeidd eit strategisk notat med vurdering av ulike alternativ for plassering av reinseanlegget og vurderingar knytt til djupvasskai med cruiseanløp. Val av tomt blei behandla i kommunestyret den 23.11.2023, i sak 89/23, med følgjande vedtak:

«Hareid kommunestyre tek strategidokumentet frå Asplan Viak til vitande og ber om at det vert sett i gong ein prosess med regulering og grunnforhandlingar med sikte på å etablere avløpsreinseanlegg primært på ny tomt primært på Raffelneset eller i den rekkjefølge som er tilrådd i strategidokument. Samstundes vert det sett i gong arbeid med bygging av ny pumpestasjon og overføringsleidningar til det nye anlegget.»

Hareid kommune ynskjer ikkje å gå vidare med anbefalte tomteval sidan ein ikkje kjem i mål med frivillig grunnavståing. Ein har derfor gått vidare med neste tilrådde alternativ på Raffelneset, på kommunal grunn.

4. Oversikt over tema som skal konsekvensutgreiast

4.1. Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga sitt innhald og omfang skal bli tilpassa den aktuelle planen og vere relevant for dei slutningane som skal takast i høve med forskrift om konsekvensutgreiing §17. Basert på ein gjennomgang av funn i offentlege databasar og eksisterande forhold på staden er følgjande tema vurdert som relevante i samband med detaljreguleringa og det planlagde reinseanlegget og djupvasskaia:

Utredningstema	Innhald og omfang
Trafikk	<p>Cruisekaier er ofte travle områder med mykje aktivitet med mange ulike trafikantgrupper som fotgjengarar, syklistar, busser, biler og vareleveransar. I planlegginga er det derfor viktig å legge til rette for attraktive og trygge forbindelsar internt på kaiområdet, og mellom kaiområdet og aktuelle målpunkt for cruiseturistane i Hareid sentrum. Dette vil bli vurdert:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dagens situasjon for alle trafikantgrupper blir kartlagt og skildra med bakgrunn i dagens trafikkmengder. Trafikktryggleik for mjuke trafikantar blir vektlagt. • Det blir utarbeidd prognoser for biltrafikken på vegnettet og framtidig cruisetraffikk (gåande, syklande, buss og vareleveranse). • Framtidig behov for de ulike trafikantgruppene blir kartlagt. • Løysningar i planforslaget omtales for de ulike trafikantgruppene og løysningar blir vurdert opp mot framtidig behov. Løysningar og utforming av vegsystemet skjer i nært samarbeid med vegingeniør. Trafikktryggleik for mjuke trafikantar blir vektlagt. <p>Det blir utarbeida eige notat.</p>
Tettstadsutvikling	<p>Det er forventa at tiltaket vil få verknader utanfor planområdet som følgje av mottak av cruiseturistar. Utbygging av kai med cruiseanløp vil kunne skape både moglegheiter og utfordringar i lokalsamfunnet. Ringverknader og moglegheiter som følgje av utbygginga blir drøfta. Det blir et eige kapittel i KU.</p>

Energiforbruk og energiløysingar	Behov for landstraum til kaia må avklarast tidleg i prosessen. Dette med tanke på kor mange skip området skal klargjere for, samt dei forskjellige skipstypane sitt behov. Det blir utarbeida eige notat.
Dugleiks- og bruksvurdering for hamn	Utgreiing av maritime forhold og hamneteknikk. Av maritime forhold blir det sett på farlei og navigasjon, samt vær- og bølgeførhold. Det blir gjort berekningar av bølgeførhold og svell, og vidare vurdering av dugleik av hamn og vurdering av nedetid. Av hamnetekniske forhold vurderast djupn, grunnforhold, konsekvens, kailengde, nødvendig hamneareal, kaikonstruksjon, teknisk infrastruktur og ISPS. Det blir utarbeida eige notat.
Naturmangfald i sjø	Hovudmålet med utgreiinga er å bringe fram kunnskap om verdifulle områder for tema naturmangfald i sjø og belyse verknadane av planforslaget. Kartlegging følgjer Miljødirektoratets instruks og vidare KU-metodikk i M-1941. Det blir utarbeida eget notat. Feltarbeid blei utført sommaren 2024.

Andre konsekvensar av planforslaget vil inngå som ein del av planomtalen, som for eksempel støy, lukt og landskapsverknader. Det vil bli utarbeida skisser og 3D-illustrasjonar med perspektiv frå ulike standpunkt for å illustrere verknadene av tiltaka i landskapet.

4.2. Risiko- og sårbarheitsanalyse

I samhøve med Plan og bygningslova §4-3 blir det gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Hensikta er å avdekke forhold som kan medføre ein uakseptabel risiko for menneske, miljø eller materiell. ROS-analysen skal identifisere hendingar, og vurdere sannsyn for desse, samt tilhøyrande konsekvens. Det blir utarbeidd ei ROS-analyse basert på DSB sin sjekklister og rettleiar. Følgjande utgreiingar blir utarbeida:

Utredningstema	Leveranse
Skred frå bratt terreng	Området er innanfor aktsemdsområde for skred frå bratt terreng. Skredfarevurdering i tråd med NVE sin rettleiar for utgreiing av sikkerheit mot skred i bratt terreng for sannsyn 1/100, 1/1000 og 1/5000. Skredfareutgreiinga gjerast innanfor planområdet og det blir teikna faresoner. Vurderast i eige notat.

<p>Områdestabilitet - kvikkleire</p>	<p>Området er innanfor aktsemdsområde for kvikkleireskred. Avklaring og vurdering av områdestabilitet og sikkerheit mot kvikkleireskred i tråd med NVEs rettleiar 1/2019 blir vurdert i eige notat.</p>
<p>Flaum</p>	<p>Området ved Hareidselva er innanfor aktsemdsområde for flaum og reell flaumfare må bli kartlagt. Det må dokumenterast at tiltaket med ny gang- og sykkelbru ikkje forverrar flaumsituasjonen i området. Det må også vurderast om det er behov for erosjonssikringstiltak. For overvasskanalen i aust må også tilstrekkeleg tryggleik og erosjonsfare dokumenterast. Gjerast i høve med krav i TEK17 og gjeldande rettleiarar frå NVE. Vurderast i eige notat.</p>

5. Planprosess, medverknad og framdrift

5.1. Informasjon og medverknad


Oppstartsmøte med Hareid kommune for planarbeidet blei heldt den 29.08.2024.

Offentleg innsyn og medverknad i planprosessen blir sikra i følgande prosessar:

- Forslag til planprogram blir lagt ut på høyring i 6 veker samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet. Myndigheiter, parter og naboar som planen vedkjem blir informert i brev og det blir arrangert eit ope folkemøte. Innspel blir vurdert etter høyringsfrist og planprogram blir omarbeidd og fastsett med politisk vedtak.
- Planforslaget med konsekvensutgreiing blir lagt ut på høyring i minimum 6 veker før sluttbehandling i kommunestyret.

I tillegg vil det gjennom planprosessen bli lagt opp til å sikre medverknad gjennom:

- Regionalt planforum, samt kontakt med aktuelle offentlege myndigheiter og evt. organisasjonar i samband med utgreiing av ulike tema.
- Møter med grunneigarar. Andre som gir innspel ol. vil bli kontakta om det er behov for å avklare eller vurdere løysingar.
- Allmennheita, aktuelle myndigheiter, partar og naboar vil bli informert når forslaget til reguleringsplan blir lagt ut til offentleg ettersyn.
- Melding om vedtak med klageåtgang vil bli annonsert.



Figur 10 Planprosessen med konsekvensutgreiing. Lyse boksar presenterer ledd i planprosessen med moglegheit å gje innspel til planarbeidet. Svart innramming viser kor ein er i prosessen.

Elles vil informasjon om planprosessen og høyring bli lagt ut på Hareid kommune sine heimesider; <https://www.hareid.kommune.no/>. Alternativt ta kontakt med kommunen eller Asplan Viak for spørsmål undervegs.

5.2. Framdriftsplan

Målet er å ha klart eit planforslag som blir lagt ut til offentleg ettersyn i løpet av hausten 2025.

Aktivitet	Månad og år	Kommentar
Planoppstart og planprogram på høyring	Okt - Des 24	Vedtak i Næring- og miljøutvalet og Formannskapet
Ope folkemøte	Nov 24	
Fastsetting av planprogram	Jan - Feb 25	Vedtak i Næring- og miljøutvalet og Formannskapet
Regionalt planforum	Feb 25	
Utarbeiding av planforslag og KU	Feb - mai 25	
Underveismøter	Blir utført fortløpande	Med off. myndigheiter og andre rørte
Innsending av komplett plan	Mai 25	
Planforslag til offentleg ettersyn	Okt - Nov 25	Vedtak i Næring- og miljøutvalet og Formannskapet
Merknadsbehandling og omarbeiding av planforslag	Des - Feb 26	
Sluttbehandling og endeleg vedtak av planen	Mai 26	Vedtak i Næring- og miljøutvalet, Formannskapet og Kommunestyret

Vedlegg

- Strategisk notat 10.10.23
- Vedtak - Bygging av reinseanlegg for avløp i Hareid sentrum - val av tomt 21.11.23



asplan viak